



***Evaluering av skulefrukost ordninga for skuleåret 2017-18***

Sak: RAPPORT 2017 + Sak 2015/5010

- **Organisering**  
Vi har servert havregrynsgraut to dagar i veka og kornblanding med yoghurt tre dagar i veka. I tillegg har elevane fått oppskoren frukt eller smothie og mjølk. Elevane får servert frukosten i første friminuttet på skulen kl. 09.30.
- **Økonomi** – skulen har brukt ca. kr 70 000 på reine utgifter til mat . I tillegg kjem utgifter til ekstra personell på kr 95 000. Skulen har et tap på sal frå eiga kantine som er vanskeleg å sette eit eksakt beløp på, vi kan antyde 30 - 40 000. Skulen må nytta ekstra personell til å kunne gjennomføre ordninga i praksis.
- **Deltaking** – me har ein stad mellom 50 - 70 elevar på dagleg basis som har nytta seg av gratis skulefrukost.
- **Erfaringar frå hausten 2018** gjer at vi vurderer å leggja om tilbodet ved å prøva ut frukost med brød og pålegg, mjølk og frukt. Vi ser at ordninga vi har hatt pr. i dag ikkje omfattar alle elevane, og vi håpar at ein ny vri på frukost tilbodet kan få fleire elevar til å nytta tilbodet.

Elevane kjem med ulike tilbakemeldingar. Nokre er særst nøgd med havregrynsgraut, andre vil ha kornblanding. Oppskoren frukt eller frukt som smothie er svært populært. Elevane har og gitt innspel på ein meir «tradisjonell frukost» med brød og pålegg, fortrinnsvis ost og skinke.

Skulen ser på tiltaket med gratis skulefrukost som eit svært godt tilbod til våre elevar. Elevane kjem reisande frå ulike kommunar med opp til ein times reisetid eller meir. Tiltaket gjer elevane gode moglegheiter for å eta i lag med andre. Dette er ein viktig faktor i sosialiseringprosessen for dagens ungdommar.

Austrheim 28.06.2018

**Kjersti Daland**  
**Rektor**

**Gurid Helene Espe**  
**Avdelingsleiar**